



DET KONGELEGE
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT

Høyringsinstansane

Dykkar ref

Vår ref

Dato

200602322/CH

Høyringsbrev - Forslag til endring i lov 17. juni 2005 nr. 79 om akvakultur (akvakulturlova)

Fiskeri- og kystdepartementet sender med dette vedlagte utkast til lov om endring i lov 17. juni 2005 nr. 79 om akvakultur (akvakulturlova) på høyring. Vi ønskjer innspel frå høyringsinstansane på forslaget om å leggje til "avgift" i akvakulturlova § 26.

Høyringsfristen er 28. februar 2007.

Bakgrunn

Målsetjinga med lovendringsforslaget er å leggje til rette for å gjere om dagens gebyr for tilsyn og kontroll av lokalitetar til ei sektoravgift i tråd med nye retningslinjer utarbeidd av Finansdepartementet (Retningslinjer for gebyr og avgiftsfinansiering av statlege styresmakthandlingar, R-112). Departementet har i dag lovheimel til å fastsetje forskrifter om gebyr for tilsynsarbeid etter akvakulturlova § 26. Ved handsaminga av St.prp. nr. 1 for budsjettåret 2007 har Stortinget lagt til grunn at enkelte tilsynsoppgåver skal finansierast av ei sektoravgift. I samsvar med dette og dei nye retningslinjene fremjar departementet no eit lovforslag om å endre akvakulturlova § 26. Endringa er teknisk og medfører ikkje reelle endringar for næringa.

Eit grunnvilkår for gebyrordningane er etter retningslinjene i R-112 at gebyrplikta er knytt til den som mottek ei klart definert handling av styresmaktene. Hovudmålsetjinga med ei sektoravgift er å finansiere utgiftene til bestemte tiltak, for eksempel fellestiltak ovanfor ei næring der avgiftene blir betalt av næringa sjølv.

Dagens gebyrordning har som hovudmålsetjing å finansiere kontroll- og tilsynsarbeidet

til styresmaktene overfor næringa. For å betale kostnader for kontroll av lokalitetar for matfisk, stamfisk og FOU-anlegg i sjøvatn, blei det innført eit årleg gebyr på kr. 3.500,- pr. lokalitet, jf. § 3 i forskrift om innkrevjing av gebyr til statskassa for offentlege oppgåver i samanheng med oppdretts- og havbeiteverksemd av 21. desember 2001 nr. 1597. Gebyret er ein fast sum knytt til kvar lokalitet, og er ikkje direkte knytt til tilsynshandlingane. Utviklinga går òg i retning av meir risikobasert kontrollarbeid der ikkje alle lokalitetar blir kontrollerte i løpet av ein bestemt tidsperiode. Det er difor slik at gebyrpliktige ikkje kvart år mottok ei klart definert offentlig styresmakthandling, noko som er eit hovudvilkår for gebyr etter retningslinjene. Gebyrordninga bør difor endrast til ei sektoravgift. Forslaget inneber ikkje realitetsendringar og vil ramme dei same aktørane med lik sum som dagens gebyr.

Lovendringsforslaget

I akvakulturloven § 26 første ledd går det frem at "departementet kan gi forskrift om gebyr for behandling av søknader og for utførelse av tilsynsarbeid i henhold til bestemmelser i eller i medhold av denne lov." Det blir foreslått å leggje til "og avgift" etter "gebyr" slik at departementet òg får heimel til å gi forskrift om avgift om tilsynsarbeid.

Akvakulturlova § 26 andre ledd lyder: "Skyldig gebyr er tvangsgrunnlag for utlegg." Det blir foreslått å leggje til "og avgift" etter "gebyr" i andre ledd.

Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslaget medfører ikkje nemneverdige økonomiske eller administrative konsekvensar.

Høyringsfrist

Det er gjort vedtak om forkorta høyringsfrist på to veker i medhald av Utgreiingsinstruksen sitt pkt. 5.2 jf. pkt. 1.3. Vi bed om eventuelle merknadene til høyringsinstansane innan 28. februar 2007. Send gjerne ein elektronisk kopi til postmottak@fk.d.dep.no

Med helsing

Kari Bjørbæk
avdelingsdirektør

Cecilie Hersleth
førstekonsulent

Vedlegg: Høyringsinstansane

Utkast til lov om endring i lov 17. juni 2005 nr. 79 om akvakultur